

Sak nr
63/16Utval
KommunestyretMøtedato
24.05.2016**HØYRINGSUTTALE TIL NASJONAL TRANSPORTPLAN****Kommunestyret****24.05.2016*****Handsaming:***

Kjell Haukeberg som er leiar i ad hoc-komiteen som har arbeidd med å skrive høyringsuttalen orienterte om uttalen.

Desse tok ordet: Kari Grindvik (V), Aase Bolstad (KRF)

Votering

Votering over høyringsuttalen til Nasjonal transportplan:

Samrøystes vedtatt

Innstilling/vedtak:

Skodje kommunestyre vedtar høyringsuttalen som har blitt utarbeidd av ad hoc-komiteen.

INNSTILLING:

Skodje kommunestyre vedtar høyringsuttalen som har blitt utarbeidd av ad hoc-komiteen.

Nasjonal Transportplan NTP - 2018-2029 - høyringsuttale

ARBEIDSGRUPPA SI INNSTILLING

Skodje kommunestyre viser til vurderingane under og har følgjande tilråding:

- Kommunen ser positivt på at regjeringa vil legge fram ei eiga stortingsmelding om trafikktryggleik. Skodje kommune etterlyser konkret oppfølging av tidlegare vedtekne planar og strategiar for gang og sykkelveggar.
- Den samfunnsøkonomiske berekningsmodellen tek ikkje i naudsynt grad omsyn til nyttetrafikken. Viktige vegprosjekt med vesentleg samfunnsnytte, i form av eksport/import og verdiskaping frå industri og næringsliv m.a. på Vestlandet, vert ikkje vektlagt nok i berekningsmodellen. Modell for berekning av samfunnsøkonomi, må ta inn over seg at dei områda som ligg utanfor dei mest tettbygde delane av landet og reknast som utkantar, står føre ein vesentleg del av verdiskapinga i Noreg.
- Skodje kommune føreset at vegvedlikehaldet på fylkesvegane vert prioritert, og at finansieringa av utbetring på fylkesvegstrekingane vert løyst gjennom større statlege overføringar.

Omklassifisering:

- Skodje kommune foreslår at nasjonal turistveg på FV63 vert overført til statleg mynde, og i sin heilskap forvalta og drifta som nasjonal riksveg.

Prioritering av prosjekt E39:

- Skodje kommunen støttar utbygging av E39 Møreaksen ut frå trasealternativ K2. Tiltaket omfattar trase frå Vik til Ørskogfjellet, og er etter kommunen si vurdering det beste alternativet for transportnæringa, miljø og samfunn. K2 inneber er effektiv knytning sørover via Børdalslinja mot indre delar av Sunnmøre.
- Skodje kommunestyre bed om at plan for utbetring av del av E39 Valle-Dragsund inkl. nytt og heva seglingsløp i Dragsundet vert prioritert.
- Skodje kommune støttar utbygging av krabbefelt på Ørskogfjellet, og er nøgd med at tiltaket er prioritert aller først i perioden.
- Skodje kommunestyre bed om at E39 Skorgedalen og E39 Festøy – Ørsta, vert teke inn og prioritert for skredsikring i transportplanperioden.
- Skodje kommunestyre viser til eit stort behov for tiltak på europaveg E39, og vil då særskilt prioritere følgjande prosjekt:
 - E39 Furene i Ørsta - Volda. Prosjektet omfattar omlegging av E39 via tunnel, og tiltaket vil i vesentleg grad bidra til kortare reisetid og eit betre miljø for alle, særskilt i Volda sentrum.

- E39 Bolsønes – Årø. Prosjektet omfattar vegstrekning aust for Molde, og omfattar ombygging av dagens veg med etablering av kollektiv/sambruksfelt

Skodje kommune støttar ikkje:

- Prosjektet E39 Vegsund – Breivik og 4-feltsveg gjennom Brusdal er ikkje framtidsretta, m.a. fordi dette vil auke faren for forureining av Brusdalsvatnet som er drikkevasskjelde til Ålesund og omegn.

Prioritering av prosjekt E136:

- Skodje kommunestyre legg til grunn at behovet for utbetringar og investeringar på E136 er omfattande, og bør prioriterast høgt i transportplanperioden.
 - E136 Breivik – Lerstad
 - E136 – Vikebukt – Bjorli(til Oppland grense), der m.a. Hjellviktunnellen er ein flaskehals, vegutbetring på strekninga Dølsteinfonna – Fantebrauta og krabbefelt ved Stuguflåten, er viktige element.

Viktige prosjekt for Skodje kommune og regionen :

- Skodje kommunestyre vil arbeide for ei realisering av Storfjordsambandet. Storfjordsambandet vil styrke bu- og arbeidsregionene Stranda/Sykkylven med Ålesund, Skodje, Ørskog og Haram.

Tungtrafikken til og frå hovudterminalen for Posten/Bring på Digernes, som transporterar pakker og post ut/inn frå heile Sunnmøre samt Nordfjord og deler av Sogn og Fjordane gjennom Brusdal, har auka vesentleg. Eit nytt samband vil redusere denne trafikken.

Sambandet vil også styrke grunnlaget for kollektivsatsinga, og knyte kommunane sør for Storfjorden nærare flyplassen på Vigra, med redusert reisetid via den indre vegtraseen over Ellingsøy. Vidare vil dette fordele trafikken på fleire vegar og redusere sårbarheita, samt opne opp for gode omkøyringsalternativ.

- Skodje kommunestyre bed om at Rv 658 mellom Ålesund og Vigra flyplass vert teke inn i plangrunnlaget til NTP, m.a. ut frå omsynet til samfunnssikkerheit og beredskap.
- Trafikken ut av Ålesund kan med fordel kanalisrast over ny bru Breivika/Olsvika – Ellingsøy, gjennom eksisterande E39(Brusdal) og på foreslått trase Blindheim – Emblem- Digernes.

VEDLEGG:

Nasjonal transportplan 2018-2029, [plandokument til høyring](#).

KORT SAMANDRAG AV SAKSUTGREIINGA:

Skodje kommunestyre skal gi sin uttale til Nasjonal transportplan før 01.07.16. Uttalen baserer seg både på kommunens egne behov men like så mykje regionale og nasjonale behov.

I grunnlagsdokumentet til Nasjonal transportplan, ser ein at klimaomsyn, mobilitet og byproblematikk er særskilt vektlagt. Dette inneber ei større grad av prioritering og satsing i dei mest tettbygde områda som Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Det er vidare ei målsetjing at framtidig trafikkvekst i desse områda skal takast med auke i gange og sykkelbruk.

Det er ein ambisjon å binde Vestlandet saman gjennom ein opprusta og ferjefri E39 innan 2035. Ein ferjefri og utbetra E39 vil vere om lag 47 kilometer kortare og transporttida vil om lag halverast.

Skodje kommune har ei målsetjing om å arbeide for Sunnmøre som felles bu- og arbeidsmarknadsregion gjennom gode kommunikasjonar, herunder styrking av Møreaksen/Ferjefri E39, eksportvegen E136 og Storfjordsambandet. Kommunen vil vere eit knutepunkt for kommunikasjon i Møre og Romsdal og ønskjer gode løysingar for kollektivtrafikk, infrastruktur og logistikk.

SAKSUTGREIING:

Skodje kommunestyre ønskjer å gi si tilråding til grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan, og oppnemnde ad-hoc utval for samferdsel, i møte 20.04.16. Ad-hoc utval for samferdsel er kommunestyret si arbeidsgruppe, og har utarbeidd eit forslag til uttale som følgjer her.

Nasjonal transportplan er ein felles plan for transportetatane, Avinor, Jernbaneverket, Kystverket og Statens vegvesen. Grunnlaget til Nasjonal transportplan er lagt ut til høyring, med ein frist for uttale sett til 01.07.16.

Miljøvinklinga er betydeleg vektlagt i denne planperioden av Nasjonal transportplan(ca. 10 år), og vi ser ei tydeleg sentralisering av midlane til dei største byane i Noreg.

Sett i lys av at vegtrafikkulykker utgjer eit betydeleg samfunnsproblem, og at nullvisjonen skal vere utgangspunktet for alt trafikktryggleiksarbeid, ser kommunen positivt på at regjeringa vil legge fram ei eiga stortingsmelding om trafikktryggleik.

Samfunnsøkonomisk nytte

I samband med arbeidet Nasjonal transportplan er det denne gongen eit større fokus på samfunnsøkonomi. Skodje kommunestyre viser til at den samfunnsøkonomiske berekningsmodellen ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til nyttetrafikken. Viktige vegprosjekt med vesentleg samfunnsnytte, i form av eksport/import og verdiskaping frå industri og næringsliv m.a. på Vestlandet vil ikkje bli tilstrekkeleg prioritert i ein slik berekningsmodell. Dette er ikkje ei framtidsretta løysing. Ein modell for berekning av samfunnsøkonomi, må også ta inn over seg at dei områda som ligg utanfor dei mest tettbygde delane av landet og reknast som utkantar, står føre ein vesentleg del av verdiskapinga i Noreg.

Kvaliteten på fylkesvegnettet og framtidige behov for midlar til drift og vedlikehald

Standarden på dei fylkeskommunale vegane er ikkje tilfredstillande. Skodje kommune meiner at drift og vedlikehald på eksisterande fylkesvegar må prioriterast frå statleg hald. Når fylkeskommunane tok over store deler av riksvegane i 2010, var det allereie et opparbeid stort forfall. Dette forfallet har auka etter den tid, og det er umulig at dette kan dekkast gjennom dei årlege rammeoverføringane.

Det er i plandokumentet vist til at berekna behov for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet er på 129 mrd. i 2016 – kroner. Det kan forventast auka kostnader til skred, flaum og drenering som følgje av endra klima. Desse endringane er svært vanskeleg å talfeste. Skodje kommune føreset at vegvedlikehaldet på fylkesvegane vert prioritert, og at finansieringa av utbetring på fylkesvegstrekingane vert løyst gjennom større statlege overføringar

Nasjonale transportkorridorar.

Utbygging av dei nasjonale transportkorridorane vil i samsvar med plandokumentet bidra til meir effektive transport og logistikk-løysingar. Skodje kommune og Sunnmørsregionen vert omfatta av Korridor 4 og Korridor 6.

Korridor 4:

Skodje kommunen støttar utbygging av krabbefelt på Ørskogfjellet, og er nøgd med at tiltaket er prioritert i perioden.

Utbygginga vil bidra til betrar framkomelighet over Ørskogfjellet og vil bidra til betre framcomelegheit på transportvegen E39 i alle delar av året. Tiltaket vil støtte opp under Møreaksen, ut frå trasealternativ K2, samt medføre ei effektiv knyting sørover via Børdalslinja mot indre delar av Sunnmøre. K2 alternativet(for Møreaksen) er etter kommunen si vurdering det beste alternativet for transportnæringa, miljø og samfunn.

Skodje kommunestyre viser til eit stort behov for tiltak på europaveg E39, og vil då særskilt løfte fram følgjande prosjekt som er viktige for dei områda som vert omfatta av tiltak:

- E39 Furene i Ørsta - Volda. Prosjektet omfattar omlegging av E39 via tunnel, og tiltaket vil i vesentleg grad bidra til eit betre miljø for alle, særskilt i Volda sentrum.
- E39 Bolsønes – Årø. Prosjektet omfattar vegstrekning aust for Molde, og omfattar ombygging av dagens veg med etablering av kollektiv/sambruksfelt.

Korridor 6

Skodje kommunestyre legg til grunn at behovet for utbetringar og investeringar på E136 er vesentlege, og bør prioriterast høgt i transportplanperioden. Kommunen viser her særskilt til behovet for tiltak på eksportvegstrekningane:

- E136 Breivik – Lerstad
- E136 – Vikebukt – Bjorli(til Oppland grense), der m.a. Hjellviktunnelen er ein flaskehals, vegutbetring på strekninga Dølsteinfonna – Fantebrauta, og krabbefelt ved Stuguflåten, er viktige element.

Flaskehalsar og utfordringar/risiko og sårbarheit

Skodje kommunestyre vil arbeide for ei realisering av Storfjordsambandet. Det er lagt til grunn at Storfjordsambandet bør prioriterast for å redusere trafikk- og miljøbelastninga på strekninga Valle- Glomset, gjennom Brusdal- Moa og for å sikre Brusdalsvatnet som er drikkevasskjelde til Ålesund og omegn. Prosjektet vil avlaste Brusdal, og kan vere med på å utsette behovet for utbygging av fire-felts motorveg gjennom Brusdal frå Digernes til Moa.

Brusdalsvatnet er en unik vasskjelde for ei stor befolkningsgruppe, og det er difor viktig å bevare den mot planlagt auka aktivitet som til dømes frå biltrafikk. Det handlar om samfunnsikkerheit.

Prosjektet E39 Vegsund – Breivik med 4-feltsveg gjennom Brusdal er ikkje framtidsretta, og Skodje kommunestyre støttar ikkje dette alternativet ut frå tryggleikssyn.

Storfjordsambandet vil styrke bu- og arbeidsregionene Stranda/Sykkylven med Ålesund, Skodje, Ørskog og Haram. Det vil redusere transporttida frå kommunane sør for Storfjorden til flyplassen på Vigra. Det vil styrke grunnlaget for kollektivsatsinga. Det vil fordele trafikken på fleire vegar og redusere sårbarheita, samt opne opp for gode omkøyringsalternativ. Skodje kommune vil vurdere nærare trase til Storfjordsambandet, i samband med arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Rv 658 mellom Ålesund og Vigra flyplass er ikkje teke med i høringsdokumentet. Med ca. 1,1 million årlig passasjertal er denne destinasjonen en svært viktig flyplass for regionen og næringslivet mot omverda og utlandet. Det er med undring at denne strekninga ikkje er teke med, m.a. ut frå tanke på samfunnsikkerheit og beredskap.

I dag vert det sett svært strenge krav til sikkerheit i tunnelar. Dagens undersjøiske tunnelar mellom Ålesund-Ellingsøy-Valderøy tilfredsstiller ikkje dagens krav, og difor står no tunnelane igjen føre rehabilitering. Valderøytunnelen har i dag ikkje eit omkøyringsalternativ. Tunnelen har hatt ein svært stor trafikkvekst siste åra, og trafikken er no over 10 000 ÅDT. Med dette grunnlaget ville strekninga i dag bli utbygd med 2 tunnelar (4-felts veg) og lengre tunnelar då det er nye krav til stigningsforhold. Alternativet kan vere å supplere med bruløysingar i området.

Skredprosjekt veg

Skodje kommunestyre bed om at E39 Skorgedalen og E39 Festøy – Ørsta, vert teke inn og prioritert for skredsikring i transportplanperioden.

Forslag til omklassifisering

Skodje kommune støttar at FV 64 Åndalsnes x E136 – Årø x E39 er foreslått omklassifisert til riksveg, og foreslår tilsvarende omklassifisering for nasjonal turistveg på FV 63. Delar av vegstrekninga Åndalsnes – Trollstigen – Valldal – Geiranger – Langvatn – Strynefjellet er i dag verna. Skodje kommune foreslår at FV63 vert overført til statleg mynde, og i sin heilskap forvalta og drifta som nasjonal riksveg. Vegen er et nasjonalt ikon, det er bygd en rekke fasiliteter som rasteplasser og bygninger som krever store drifts- og vedlikeholdsutgifter slik at den lar seg ikke sammenligne med andre ordinære fylkesveger.